VOLDA KOMMUNE
Avdeling for dokumentasjon og service

Ørsta Kommune
Dalevegen 6
6153 Ørsta

Vår referanse	Din referanse	Sakshandsamar	Dato
20/4856 26/18471		Sonja Håvik	13.11.2026

Melding om vedtak - Vidare framdrift av utgreiing av ei mogleg samanslåing Ørsta og Volda kommunar

Kommunestyret har i møte 12.11.2026, sak 76/26, fatta følgjande vedtak:

Kommunestyret tek kunnskapsgrunnlaget gjeldande kommunestruktur for kommunane Ørsta og Volda til vitande.

1. Kommunestyret vedtek å gå vidare i prosessen med å vurdere ei mogleg samanslåing/forsterka samarbeid av Ørsta og Volda kommunar.
2. Kommunestyret legg vekt på kunnskapsformidling for å skape engasjement og medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, ungdom og andre grupper. Kommunestyret ber den tverrkommunale politiske arbeidsgruppa utarbeide eit samordna forslag til ein ny framdriftsplan for det vidare arbeidet. Forslaget skal leggjast fram for kommunestyra på møte i desember.
3. I utgreiinga av framdriftsplanen skal det vurderast:
    a. Tid til kommunikasjonsarbeid med formidling av utfordringsbilete og hovudfunn frå utgreiinga.
    b. Koordinerte politiske møte mellom kommunane.
    c. Innbyggjarmedverknad gjennom strukturert innbyggjarhøyring, folkerøysting og opne møte.
    d. Gjennomføring av eventuelle tilleggsutgreiingar.
4. Kommunedirektøren får mynde til å iverksette eventuelle tilleggsutgreiingar i samråd med tverrkommunal politisk arbeidsgruppe.
5. Det er ein føresetnad for gjennomføring at kostnadene vert finansierte gjennom eksterne tilskot, og at tiltaka ikkje medfører auka netto kostnader for kommunane.
6. Kommunestyret meiner at staten må ta eit tydeleg ansvar for å leggje til rette for frivillige kommunesamanslåingar gjennom gode, føreseielege og langsiktige insentivordningar. Ordningane bør både dekkje nødvendige eingongskostnader ved sjølve samanslåinga, og sikre økonomisk handlingsrom som reduserer risiko og gir føresetnader for å realisere ein økonomisk gevinst i eit langsiktig perspektiv.

Med helsing

Sonja Håvik
rådgjevar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar

Lars Erling Bjåstad Hovlid			
Statsforvaltaren I Møre Og Romsdal	Postboks 2520	6404	Molde
Ørsta Kommune	Dalevegen 6	6153	Ørsta

Vedlegg
Framdriftslplan og innhald fase 2, vedlegg til politisk sak 12.11.26
Kommunesamanslaing_Volda_Orsta_10_minutt

Volda kommune

Vår referanse: 20/4856 26/17937
Saksbehandlar: Rune Sjurgard
Dato: 04.11.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
76/26	Kommunestyret	12.11.2026

Vidare framdrift av utgreiing av ei mogleg samanslåing Ørsta og Volda kommunar

Samandrag:

Telemarksforsking har utarbeida ein rapport om kommunestruktur for kommunane Ørsta og Volda. Rapporten vart lagt fram for kommunestyra 29. oktober. Rapporten gjev eit fagleg kunnskapsgrunnlag for vidare politisk vurdering. Rapporten tek ikkje stilling til kva strukturalternativ som er best. Dette var heller ikkje ein del av bestillinga til Telemarksforsking. Saka gjeld vurdering av kva kommunane gjer vidare.

Den tverrkommunale arbeidsgruppa har foreslått ein mogleg fasedelt veg vidare. I forslaget til vedtak er det lagt opp til ein veg vidare i fire fasar. Etter kvar fase er det politiske avgjerdspunkt, der kommunestyra tek stilling til om arbeidet skal gå vidare. Dersom prosessen går til endes, vert det lagt opp til innbyggarhøyring i slutten av mai 2027, og endeleg politisk handsaming i juni 2027.

Kommunedirektøren tilrår at kommunane går vidare til fase 2. Hovudfokus i denne fasen vil vere politisk forankring, innbyggarmedverknad, analyse og vurdering av eventuelle tilleggsutgreiingar. Kommunedirektøren vurderer det som viktig at det vert sett av tid til medverknad, slik at innbyggjarane sine synspunkt på utfordringar og moglege løysingar inngår i avgjerdsgrunnlaget, før kommunestyra avgjer om dei vil arbeide vidare med ei mogleg samanslåing.

Sjølv om Telemarksforsking ikkje gir ei direkte tilråding i rapporten, kan ein oppsummere med at nullalternativet – å halde fram som i dag – ikkje er framtidsretta. Ørsta og Volda utgjer ein felles bu- og arbeidsmarknad, og utviklinga i den eine kommunen påverkar den andre. Både kommuneorganisasjonane og lokalsamfunna står overfor store utfordringar med fleire eldre, mangel på arbeidskraft, auka press på økonomien og aukande regional konkurranse. Utviklinga må sjåast i eit langsiktig perspektiv, fleire tiår framover. Avgjerda som vert teken i dag, vil først og fremst få verknad for framtidige generasjonar. Det er difor viktig å invitere til brei deltaking i ein prosess om kva verkemiddel som er best eigna til å møte framtidsutfordringane. Kommunedirektøren foreslår difor at kommunestyra går vidare i prosessen.

Kommunestyret 12.11.2026

Behandling:

Forslag til vedtak

Nytt forslag frå Gudrun Kløve Juuhl (R):
Hovudalternativ: Stoppe prosessen no/velje alt 2 utvida samarbeid(Erstattar pkt 2-7 i tilrådinga):
Framlagt rapport frå Telemarksforsking gir eit fagleg grunnlag for å vurdere både forsterka samarbeid og framtidig kommunestruktur i Ørsta og Volda. Utgreiinga byggjer på statistikk, kommunale styringsdokument, forskingslitteratur, spørjeundersøking og intervju, og vurderer mellom anna konsekvensar for tenester og fagmiljø, økonomi, samfunnsutvikling, lokaldemokrati og styring. Rapporten peikar på eit samansett utfordringsbilete som begge kommunar uansett må handtere. Både Ørsta og Volda har store økonomiske utfordringar, samstundes som ei eldre befolkning og svakare utvikling i den yrkesaktive delen av befolkninga vil auke presset på helse- og omsorgstenestene og tilgangen på arbeidskraft.

Rapporten viser òg at kommunane har positiv bustadattraktivitet, men negativ næringsattraktivitet. Rapporten peikar på behov for omstilling i tenestestruktur og ressursbruk, og mulegheiter i bustad-, areal-, transport- og næringspolitikken i den felles bu- og arbeidsmarknaden. Rapporten samanliknar tre alternativ: 1. Halde fram som to sjølvstendige kommunar. 2. Halde fram som to kommunar, men styrkje det interkommunale samarbeidet. 3. Slå saman Ørsta og Volda til éin kommune. Analysen synleggjer moglegheiter, utfordringar og føresetnader ved kvart alternativ.

Rapporten frå Telemarkforsking viser at det ikkje er økonomisk gunstig for dei to kommunane å slå seg saman. Før Ørsta og Volda vurderer samanslåing, må begge kommunar gjere krevjande omstillingar for å finne balanse i drifta, og det må vere nok administrativ kapasitet til å arbeide langsiktig med endra kommunestruktur. Med det økonomiske utgangspunktet for begge kommunar no veljer derfor Ørsta kommunestyre alternativ 2, halde fram som to kommunar, men styrkje det interkommunale samarbeidet.

Nytt forslag frå Sølvi Dimmen (SP):

Kommunestyret tek kunnskapsgrunnlaget gjeldande kommunestruktur for kommunane Ørsta og Volda til vitande.

1. *Kommunestyret vedtek å gå vidare i prosessen med å vurdere ei mogleg samanslåing/forsterka samarbeid av Ørsta og Volda kommunar.*
2. *Kommunestyret legg vekt på kunnskapsformidling for å skape engasjement og medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, ungdom og andre grupper. Kommunestyret ber den tverrkommunale politiske arbeidsgruppa utarbeide eit samordna forslag til ein ny framdriftsplan for det vidare arbeidet. Forslaget skal leggjast fram for kommunestyra på møte i desember.*
3. *I utgreiinga av framdriftsplanen skal det vurderast:*
    a. *Tid til kommunikasjonsarbeid med formidling av utfordringsbilete og hovudfunn frå utgreiinga.*
    b. *Koordinerte politiske møte mellom kommunane.*
    c. *Innbyggjarmedverknad gjennom strukturert innbyggjarhøyring, folkerøysting og opne møte.*
    d. *Gjennomføring av eventuelle tilleggsutgreiingar.*
4. *Kommunedirektøren får mynde til å iverksette eventuelle tilleggsutgreiingar i samråd med tverrkommunal politisk arbeidsgruppe.*

5. *Det er ein føresetnad for gjennomføring at kostnadene vert finansierte gjennom eksterne tilskot, og at tiltaka ikkje medfører auka netto kostnader for kommunane.*
6. *Kommunestyret meiner at staten må ta eit tydeleg ansvar for å leggje til rette for frivillige kommunesamanslåingar gjennom gode, føreseielege og langsiktige insentivordningar. Ordningane bør både dekkje nødvendige eingongskostnader ved sjølve samanslåinga, og sikre økonomisk handlingsrom som reduserer risiko og gir føresetnader for å realisere ein økonomisk gevinst i eit langsiktig perspektiv.*

Votering

Forslaget frå Gudrun Kløve Juuhl (R) fekk 2 stemmer og falt, 28 stemde mot.
Stemte for parti: R (1 stemme), SV (1 stemme)
Stemte mot parti: SP (6 stemmer), H (5 stemmer), FrP (4 stemmer), AP (4 stemmer), KrF (3 stemmer), SV (3 stemmer), MDG (1 stemme), UAV (1 stemme), V (1 stemme)
Stemte for personar: Gudrun Kløve Juuhl (R), Jan Erik Stokkeland (SV)

Forslaget frå Sølvi Dimmen (SP) fekk 28 stemmer og vart vedtatt, 2 stemde mot.
Stemte for parti: SP (6 stemmer), H (5 stemmer), FrP (4 stemmer), AP (4 stemmer), KrF (3 stemmer), SV (3 stemmer), UAV (1 stemme), MDG (1 stemme), V (1 stemme)
Stemte mot parti: SV (1 stemme), R (1 stemme)
Stemte mot personar: Gudrun Kløve Juuhl (R), Jan Erik Stokkeland (SV)

KST - 76/26 Vedtak

Kommunestyret tek kunnskapsgrunnlaget gjeldande kommunestruktur for kommunane Ørsta og Volda til vitande.

1. Kommunestyret vedtek å gå vidare i prosessen med å vurdere ei mogleg samanslåing/forsterka samarbeid av Ørsta og Volda kommunar.
2. Kommunestyret legg vekt på kunnskapsformidling for å skape engasjement og medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, ungdom og andre grupper. Kommunestyret ber den tverrkommunale politiske arbeidsgruppa utarbeide eit samordna forslag til ein ny framdriftsplan for det vidare arbeidet. Forslaget skal leggjast fram for kommunestyra på møte i desember.
3. I utgreiinga av framdriftsplanen skal det vurderast:
    a. Tid til kommunikasjonsarbeid med formidling av utfordringsbilete og hovudfunn frå utgreiinga.
    b. Koordinerte politiske møte mellom kommunane.
    c. Innbyggjarmedverknad gjennom strukturert innbyggjarhøyring, folkerøysting og opne møte.
    d. Gjennomføring av eventuelle tilleggsutgreiingar.
4. Kommunedirektøren får mynde til å iverksette eventuelle tilleggsutgreiingar i samråd med tverrkommunal politisk arbeidsgruppe.
5. Det er ein føresetnad for gjennomføring at kostnadene vert finansierte gjennom eksterne tilskot, og at tiltaka ikkje medfører auka netto kostnader for kommunane.
6. Kommunestyret meiner at staten må ta eit tydeleg ansvar for å leggje til rette for frivillige kommunesamanslåingar gjennom gode, føreseielege og langsiktige insentivordningar. Ordningane bør både dekkje nødvendige eingongskostnader ved sjølve samanslåinga, og sikre økonomisk handlingsrom som reduserer risiko og gir føresetnader for å realisere ein økonomisk gevinst i eit langsiktig perspektiv.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret tek kunnskapsgrunnlaget gjeldande kommunestruktur for kommunane Ørsta og Volda til vitande.

Kommunestyret legg vekt på kunnskapsformidling for å skape engasjement blant innbyggjarane, næringslivet, ungdom og andre grupper. Kommunestyret vedtek å gå vidare i prosessen med å vurdere ei mogleg samanslåing av Ørsta og Volda kommunar. Innhaldet i neste fase (fase 2) skal vere i samsvar med det som er skissert i saksframlegget. Hovudfokus skal vere:

- Kommunikasjonsarbeid med formidling av utfordringsbilete og hovudfunn frå utgreiinga.
- Koordinerte politiske møte mellom kommunane.
- Innbyggjarmedverknad gjennom strukturert innbyggjarhøyring og opne møte.
- Gjennomføring av eventuelle tilleggsutgreiingar.

3. Den tverrkommunal politiske arbeidsgruppa får mandat til å samordne prosessen vidare i fase 2 mellom dei to kommunane, og til å starte førebuande arbeid fram mot eventuelle forhandlingar om ein intensjonsavtale.

4. Kommunestyret sluttar seg til ein tentativ framdriftsplan i fire fasar. Det vil vere politiske avgjerdspunkt ved utgangen av kvar fase, der kommunestyra i dei to kommunane vedtek om dei vil gå vidare til neste fase.

- Fase 1: Utgreiing. Ferdig november 2026.
- Fase 2: Analyse og medverknad. November 2026 – februar 2027
- Fase 3: Forhandling av intensjonsavtale. Mars 2027.
- Fase 4: Innbyggarhøyring, politisk debatt og endeleg politisk handsaming. April – juni 2027.

5. Kommunedirektøren får mynde til å iverksette eventuelle tilleggsutgreiingar i samråd med tverrkommunal politisk arbeidsgruppe.

6. Det er ein føresetnad for gjennomføring at kostnadene vert finansierte gjennom eksterne tilskot, og at tiltaka ikkje medfører auka netto kostnader for kommunane.

7. Kommunestyret meiner at staten må ta eit tydeleg ansvar for å leggje til rette for frivillige kommunesamanslåingar gjennom gode, føreseielege og langsiktige insentivordningar. Ordningane bør både dekkje nødvendige eingongskostnader ved sjølve samanslåinga, og sikre økonomisk handlingsrom som reduserer risiko og gir føresetnader for å realisere ein økonomisk gevinst i eit langsiktig perspektiv.

Vedlegg:
Kommunesamanslaing_Volda_Orsta_10_minutt

Saksopplysningar:

Både Ørsta og Volda kommune har i åra som kjem store behov for omstilling for å møte framtidige tenestebehov og sikre ei berekraftig utvikling. Bakgrunnen for dette er mellom anna store endringar i den demografiske samansetninga i kommunane, der talet på personar i arbeid vil gå ned samstundes som talet på personar som ikkje er i arbeid går opp. Framskrivingar syner at ein truleg vil ha aukande utfordringar med å rekruttere nok arbeidskraft og sikre nødvendig kompetanse i tenestene. Samstundes har båe kommunane ein krevjande økonomi. Behovet for omstilling vil vere der uavhengig av valet om framtidig kommunestruktur.

I mai 2025 tok Ørsta kommunestyre initiativ til dialog med Volda kommune om å vurdere ei mogleg samanslåing av kommunane. Bakgrunnen for initiativet var det felles utfordringsbilete. Initiativet resulterte i at det vart sett ned ei tverrkommunal politisk arbeidsgruppe, sett saman av ordførar, varaordførar, ein representant frå opposisjonen og kommunedirektør frå kvar kommune. Kommunestyra vedtok følgjande mandat for gruppa:

1. Identifisere løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga for dei to kommunane i lag, og kome med framlegg om konkrete samarbeidstiltak.
2. Leggje eit grunnlag for å kunne samordne prosessen med planstrategi og kommuneplan med sikte på felles visjon og overordna målsettingar for kommunane for kommunestyreperioden 2027 - 2031.
3. Utarbeide kravspesifikasjon og tinge utgreiing for å få eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere samanslåing av kommunane Volda og Ørsta. Skaffe statleg finansiering for å dekkje kostnadene med utgreiinga.

Med bakgrunn i mandatet har arbeidsgruppa arbeidd langs to parallelle spor: vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet og etablering av eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere ei mogleg samanslåing.

I høve det første sporet, så har Ørsta og Volda gjennom mange år samarbeidd om kommunale tenester og oppgåver. Begge kommunane har, saman med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre, slutta seg til ein felles grunnavtale om utvikling og styrking av det interkommunale samarbeidet. Arbeidsgruppa har følgt opp og vidareutvikla dette samarbeidet. Som del av dette arbeidet handsama kommunane i juni 2026 ei likelydande politisk sak, der dei slutta seg til hovudretninga og ein fasedelt plan for vidare utvikling av samarbeidet.

Når det gjeld det andre sporet, så har arbeidsgruppa teke initiativ til å få utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag for ei mogleg samanslåing av Ørsta og Volda, og vurdert korleis prosessen kan førast vidare når kunnskapsgrunnlaget ligg føre.

Kommunane sende ein felles søknad om støtte til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) via Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, og fekk tilsegn om 500 000 kroner kvar frå departementet til utarbeiding av eit kunnskapsgrunnlag. I tillegg fekk dei 1,1 millionar kroner frå Statsforvaltaren til prosesstøtte og prosjektleiing. Statsforvaltaren har òg gjeve tilskot til både prosjektleiing knytt til styrking av interkommunalt samarbeidet på Søre Sunnmøre og samanslåingsprosessen mellom Herøy, Sande og Ulstein. Kommunane på Søre Sunnmøre har valt å samle prosjektressursane er i eit felles team med éin prosjektleiar og to prosjektmedarbeidarar. Teamet jobbar både med interkommunale samarbeidet og utgreiing

av moglege strukturendringar. Organiseringa skal sikre samordning, effektiv ressursbruk og læring på tvers, medan kvar prosess har eige politisk mandat og eigne avgjerdspunkt.

Med bakgrunn i mandatet og tilskota frå staten, vart det lyst ut konkurranse om ekstern fagleg bistand til å gjennomføre utgreiinga. Telemarksforsking vann konkurransen, og fekk oppdraget med å utarbeide eit fagleg grunnlag for vidare politisk handsaming. Rapporten frå Telemarksforsking vart lansert i felles kommunestyremøte i Honndalshallen 29. oktober.

I søknaden til Satsforvaltaren og KDD vart det skissert ein fasebasert prosess for handtering av faktagrunnlaget etter at det var utarbeida. Fase 1 omfattar utgreiing og etablering av eit felles kunnskapsgrunnlag. Fase 2 skal nyttast til innbyggarmedverknad, analyse, kommunikasjon og vurdering av eventuelle tilleggsutgreiingar. Deretter tek kommunestyra stilling til om dei vil gå vidare til forhandlingar om ei intensjonsavtale i fase 3. Fase 4 omfattar høyring eller folkerøysting og endeleg politisk handsaming. Kommunestyra tek stilling til vidare deltaking ved overgangen mellom fasane. Dersom kommunane skulle vedta ei mogleg samanslåing av kommunane, vil det ta minst eit og eit halvt år etter dette før samanslåinga vert sett i verk. Det er viktig å påpeike at det er kvart av kommunestyra som avgjer både om dette er ein prosess ein vil gå vidare med, og innhald og framdrift i prosessen.

Denne saka gjeld avslutning av fase 1 og spørsmålet om kommunane skal gå vidare til fase 2, med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget. Å gå vidare til fase 2 inneber ikkje at kommunane har teke stilling til samanslåing eller til å starte forhandlingar om ei intensjonsavtale. Saka inneheld òg eit forslag til korleis den vidare prosessen kan organiserast dersom kommunestyra ønskjer å arbeide vidare med kunnskapsgrunnlaget.

Rapporten frå Telemarkforsking

Rapporten frå Telemarksforsking gir eit fagleg grunnlag for å vurdere framtidig kommunestruktur i Ørsta og Volda. Utgreiinga byggjer på statistikk, kommunale styringsdokument, forskingslitteratur, spørjeundersøking og intervju, og vurderer mellom anna konsekvensar for tenester og fagmiljø, økonomi, samfunnsutvikling, lokaldemokrati og styring.

Rapporten peikar på eit samansett utfordringsbilete som Ørsta og Volda må handtere, uavhengig av framtidig kommunestruktur. Begge kommunane har eit avgrensa økonomisk handlingsrom, samstundes som ei eldre befolkning og svakare utvikling i den yrkesaktive delen av befolkninga vil auke presset på helse- og omsorgstenestene og tilgangen på arbeidskraft. Rapporten viser òg at kommunane har positiv bustadattraktivitet, men negativ næringsattraktivitet. Eit sentralt mål vil vere å skape varig busetjing og sterkare vekst arbeidsmarknaden. Rapporten peikar på behov for omstilling i tenestestruktur, ressursbruk, kompetanseutvikling og samfunnsutvikling, og for betre samordning av bustad-, areal-, transport- og næringspolitikken i den felles bu- og arbeidsmarknaden.

Rapporten samanliknar tre alternativ:

1. Halde fram som to sjølvstendige kommunar.
2. Halde fram som to kommunar, men styrkje det interkommunale samarbeidet.
3. Slå saman Ørsta og Volda til éin kommune.

Analysen synleggjer moglegheiter, utfordringar og føresetnader ved kvart alternativ. Konkurransegrunnlaget bad ikkje om ei konkret tilråding, og rapporten gir difor inga slik tilråding. Rapporten gir grunnlag for vidare politiske vurderingar og for å avgjere om kommunane skal gå vidare til neste fase.

Vegen vidare - framdriftsplan

Kommunestyra i kvar av kommunane avgjer om ein skal gå vidare i arbeidet med ei eventuell endring av kommunestruktur, og korleis vegen skal vere vidare. Ei vidareføring føreset at begge kommunestyra sluttar seg til dette.

I søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet vart det skisserte ein prosess i fire fasar. Den politiske arbeidsgruppa har følgt opp dette, og kome med eit forslag til framdriftsplan som konkretiserer innhaldet med forslag til tidfestinga av fasane.

Mellom kvar fase er det lagt inn eit politisk avgjerdspunkt, der kommunestyra kvar for seg skal ta stilling til om dei ønskjer å gå vidare. Vurderinga skal byggje på kunnskapen og innspela frå den gjennomførte fasen.

Eit vedtak om å gå vidare gjeld berre deltaking i neste fase og inneber ikkje ei førehandsbinding til samanslåing. Kommunestyra tek endeleg stilling til ei eventuell samanslåing etter fase 4. Før dette skal innbyggjarane høyrast gjennom ei strukturert innbyggjarhøyring eller rådgjevande folkerøysting, jf. inndelingslova § 10 første ledd, som seier at kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring, men lèt kommunen velje høyringsform.

Arbeidsgruppa har vurdert ulike tidslinjer og avslutningspunkt for ein eventuell prosess. Særleg har gruppa sett på tre ulike alternativ:

1. **Avslutning før sommaren 2027.** Eit eventuelt endeleg politisk vedtak vert gjort av dei sitjande kommunestyra før lokalvalet i september 2027. Dette inneber at det må gjennomførast folkerøysting eller innbyggarhøyring i slutten av mai 2027. Dette gir ei rask avklaring, men mindre fleksibilitet og knappare tid til medverknad og eventuelle tilleggsutgreiingar.
2. **Folkerøysting eller innbyggarhøyring i samband med lokalvalet 2027.** Dette gir noko meir tid til analyse, tilleggsutgreiingar og innbyggardialog, og inneber at samanslåingsspørsmålet vert ein del av valkampen. Det må avklarast kva tid endeleg vedtak skal gjerast, og om det er dei sitjande eller dei nyvalde kommunestyra som skal gjere vedtak.
3. **Avslutning i neste kommunestyreperiode.** Dette gir betre tid til medverknad og vidare arbeid med kunnskapsgrunnlaget, men utset avklaringa. Det må vurderast kor lenge det er føremålstenleg å halde fram med utgreiing og vurdering. Dei nyvalde kommunestyra får ansvaret for å sluttføre prosessen.

Arbeidsgruppa har vurdert alternativa, og foreslår at prosessen fram mot endeleg politisk handsaming av skal vere avslutta før sommaren 2027. Dersom kommunane vedtek å slå seg saman, vil det ta minst eitt og eit halvt år frå vedtaket til samanslåinga kan tre i kraft.

Den tentative framdriftsplanen blir lagd fram for kommunestyra til avgjerd. Framlegget til framdriftsplan følgjer som vedlegg til saka.

Innhald i fase 2 og tilleggsutgreiingar

Eit vedtak om å gå vidare i prosessen vil innebere at kommunane går over i fase 2. Denne fasen skal brukast til å arbeide vidare med kunnskapsgrunnlaget i kvar kommune og i fellesskap mellom kommunane. Målet er at folkevalde, innbyggjarar, tilsette og tillitsvalde skal få god innsikt i kva rapporten viser, kva dei ulike alternativa inneber, og kome med innspel og medverke i forkant av at kommunane eventuelt tek stilling til om dei vil gå vidare til forhandlingar om ei intensjonsavtale.

I fase 2 kan kommunane òg vurdere behovet for tilleggsutgreiingar. Dersom gjennomgangen av rapporten og innspela frå medverknadsprosessane avdekkjer spørsmål som krev nærare avklaring, kan det vere aktuelt å hente inn meir kunnskap om konsekvensane av dei ulike strukturalternativa. Føremålet er å sikre eit tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag før kommunestyra tek stilling til eventuelle forhandlingar om ei intensjonsavtale.

Eit aktuelt område handlar om økonomi. Dei økonomiske vurderingane av dei tre strukturalternativa byggjer på statistiske analysar og samanlikningar med KOSTRA-tal. Rapporten talfestar ikkje moglege innsparingar ved konkrete organisatoriske endringar. Dersom kommunestyra vel å gå vidare, vil truleg ei supplerande analyse av moglege økonomiske gevinstar kunne styrkje avgjerdsgrunnlaget. Analysen bør vurdere moglege innsparingar ved alternative løysingar for organisering og tenestestruktur i ei eventuell samanslått kommune. Ei slik analyse bør konkretisere kva vidareføring som to kommunar, forsterka interkommunalt samarbeid og ei eventuell samanslåing kan innebere for driftsnivå, økonomisk handlingsrom og langsiktig berekraft i begge kommunane.

Vidare forslag til innhald i fase 2 ligg ved den politiske saka.

Økonomiske konsekvensar

Det er ein føresetnad at kostnadene ved den vidare prosessen blir dekte av eksterne tilskot, slik at arbeidet ikkje gir auka nettokostnader for nokon av kommunane.

Rapporten frå Telemarksforsking vurderer dei økonomiske konsekvensane av ei mogleg samanslåing av Ørsta og Volda. Desse skal vurderast nærare i den vidare prosessen, både når det gjeld eingongskostnader ved gjennomføringa og langsiktige verknader for drift og økonomisk handlingsrom. For begge kommunane er føreseielege og langsiktige statlege ordningar viktige for å redusere den økonomiske risikoen og gi grunnlag for berekraftig drift over tid.

Vurdering og Konklusjon

Både Ørsta og Volda står framfor store omstillingar for å sikre gode tenester og ei berekraftig og langsiktig samfunnsutvikling, uavhengig av framtidig kommunestruktur. For å kunne ta stilling til dei ulike strukturalternativa, er det viktig at også innbyggarane, næringslivet, ungdom og ulike andre grupper får medverke og gje innspel til utfordringsbilete og moglege løysingar. Det er også avgjerande at ein brukar tid på å bearbeide innhaldet i rapporten frå Telemarksforsking, og at ein har rom til å innhente meir kunnskap på områda der rapporten ikkje er tilstrekkeleg dekkande.

Helsereformutvalet og Kommunekommisjonen sitt arbeid kan få betydning for vurderinga av kommunestruktur. Helsereformutvalet la 2. november 2026 fram NOU 2026: 12 «Én helsetjeneste». Rapporten peikar på kommunestorleik som ein vesentleg føresetnad for å kunne yte gode tenester til innbyggjarane i framtida. Kommunekommisjonen la fram NOU 2026: 1 «En bærekraftig kommunesektor» i januar 2026, og skal etter framdriftsplanen levere andre delutgreiing innan utgangen av 2026. Forslaga og den vidare oppfølginga av dette arbeidet, kan vere relevant i høve kommunane si vurderinga av ein framtidig kommunestruktur.

Samla vil innbyggjarmedverknad, vidare arbeid med kunnskapsgrunnlaget og vurdering av relevante nasjonale utgreiingar gi kommunestyra eit betre grunnlag for å avgjere om dei skal gå vidare til fase 3 og forhandle fram ein intensjonsavtale. Å stoppe prosessen no, før innbyggjarane har fått medverke og kommunane har drøfta rapporten og konkrete løysingar på dei felles utfordringane, vil svekkje den demokratiske forankringa av det vidare vegvalet. På denne bakgrunnen rår kommunedirektøren kommunestyret til å gå vidare til fase 2.

Rune Sjurgard
Kommunedirektør

Utskrift av endeleg vedtak: